

| Søkjar                       | Kommune   | Tiltak                                 | Kostnad | Søknad | Tilskot | Skildring   | Vurdering  |
|------------------------------|-----------|--|---------|--------|---------|---|--|
| Askøy Kommune                | Askøy     | Camp Herdla for flerkulturelle         | 60000   | 30000  | 30000   | Tilbod om aktivitetsleir i friluftsområdet på Herdla med ulike tilpassa aktivitetar som livredning, kano/kajakk-padling, fisketur, telt og diverse friluftaktivitetar leia av formildar frå statens naturoppsyn og formildar frå museum vest. Gjennomførast som ein årleg introduksjon til det enkle friluftsliv og innføring i allemannsretten.  | Tiltak retta mot inkludering, som er prioritert i ordninga. Variert og godt tilbod. Gode aktørar og stor overføringsverdi.   |
| Austevoll Idrettsklubb       | Austevoll | "Back to basic"                        | 60000   | 30000  | 30000   | God gamaldags basistrening for 5 klasse og oppover. Mange spelar berre fotball, og er belasta av skader. Dette tiltaket skal vere med å førebygge. Gjennomføring både på ettermiddag/SFO-tid eller i skuletida i samarbeid med ungdomskulen. Fokus også på kosthald og helse.   | Tiltak retta mot fysisk aktivitet i skulen som er prioritert i ordninga. Spennande prosjekt der ein også tek sikte på å bruke delar av skuledagen inn i prosjektet. Gode aktørar og enkle overførbare modellar.                              |
| Austevoll Idrettsklubb       | Austevoll | Vikingparken Austevoll Idrettsanlegg   | 150000  | 75000  | 50000   | Ønskjer å ta i bruk eit område knytt til idrettsplassen for å få meir areal til fysisk aktivitet. Området ligg nær Austevoll Ungdomskule. Målet er at ungdomskuleelevane på kveldstid tar i bruk denne som ein aktivitetspark med ulike stasjonar. Frå før er det ei vikinggrav på haugen.  | Delar av tiltaket er prioritert i ordninga. Viktig fokus på medverknad. Tilskotet skal nyttast til utandørs treningsapparat.   |
| Austrheim ungdomsklubb       | Austrheim | Austrheim ungdom og friluftsliv del 2. | 80000   | 40000  | 40000   | Vidareføring av prosjekt som startet i 2015 om å få ungdom i Austrheim ut i friluftsliv gjennom aktivitet ved og på havet. I vinterhalvåret vil aktiviteten vere t.d skøyter, akedager og skidager. Andre aktivitetar er t.d. kajakk, trampoline, båtar, fiske, telttur o.l. Særleg fokus på opplæring av eldre ungdom i førstehjelp og arrangere kajakk kurs. Det er også eit ønske å kjøpe ein hjartestartar som kan vere med ute i felt. | Tiltak for enkelt friluftsliv, som er prioritert i ordninga. Attraktive og gode tilbod om aktivitet med lav terskel. Tiltak som stadig er i utvikling. Gode aktørar og overførbare modellar.   |
| Barnas Turlag Os / Os Turlag | Os        | Heile familien i felles aktivitet      | 27000   | 20000  | 13000   | Os Turlaghar stor satsing på Barnas Turlag, Turboklubben og fjellsport/ klatregruppa. Eit rikt program, kvar veke, med turboklubb ute med foreldre/barn, klatregruppe innandørs mandag og søndag, og til våren blir det også høve til klatring ute når det nye klatrefeltet er ferdig i Hegglandsdalen. I mai er det planlagt eit arrangement for heile familien, der balanse, klatring, zip-line etc. er med.                              | Tiltak om enkelt friluftsliv retta mot barn. Særleg spennande med tilbod om klatring som kan vere med å rekruttere dei eldste barna i mellomalderen mellom barn og ungdom. Viktig målgruppe. Tilskotet kan ikkje overstige 50% av kostnaden. |

|                              |           |  |        |        |        |   |   |
|------------------------------|-----------|--|--------|--------|--------|---|---|
| Bergen og Hordaland Turlag   | Hordaland | Friluftsliv i skulen                                       | 300000 | 100000 | 100000 | Målet er å lære ungdom gledene ved det enkle friluftsliv og å gjer dei sjølvstendig i å bruke friluftslivet til eigen glede, men også ta med andre på tur. Målgruppa er ungdom i alderen 15 - 19 år. Samarbeider med flere ungdomsskular og vidaregåande skular i Bergen. Fleire hundre ungdommar er kursa i det enkle friluftsliv. Ungdomane vert opplært i å bruke kart og kompass, planlegge turar i sitt nærområde (Byfjella), korleis dei skal kle seg og kva utstyr dei bør ha med i sekken. Dei får opplæring i å ta andre med på tur og korleis dei leiar ei turgruppe. Dei lærer å sette opp ein enkel leirplass og lage mat på bål og primus. | Positivt tiltak som når ei stor og viktig målgruppe som er særleg prioritert i høve fråfall. Stor verdi i godt samarbeid med skular.  |
| Bergen og Hordaland Turlag   | Hordaland | Friluftsliv som brekkstang mot inaktivitet                 | 275000 | 100000 | 100000 | Dette prosjektet skal vere ei spennande og utfordrande brekkstang for å vippe ungdom opp frå kjellerstua, vekk frå flatskjermen, ut av kjøpesenteret og inn i ei verd av utfordrande aktivitetar. Målgruppa er inaktive, ressursvake og fleirkulturelle. Eit viktig delmål vil vere å få ein større andel ungdom frå særlege grupper til å delta på aktivitetar og turar i Bergen og Hordaland Turlag si ungdomsgruppe. Målet med prosjektet er å auke antall minoritetsungdomar som deltek på ungdomsaktivitetar, samt å integrere ungdom frå ressursvake bakgrunnar. Prosjektet skal bidra til utjevning av sosiale skiller i samfunnet.              | Godt tiltak for ressursvake målgrupper. Særleg fokus på integrering, som er prioritert i ordninga. Viktig med gode samarbeidspartar. Utfordrande og ressurskrevjande arbeid. Overføringsverdi og mogleg modellskapning.   |
| Bergen og Omland Friluftsråd | Meland    | Lavterskel fysisk aktivitet for born og ungdom på Frekhaug | 90000  | 45000  | 45000  | Friområdet ligg nære Frekhaug med over 2000 innbyggjarar. Ligg rett ved eit stort bustadområde, Vikane. Unge i Meland vil få eit styrka lågterskeltilbod i sitt nærområde. Nordhordland Folkehøgskule ligg òg like i nærleiken. Det finst 2 barnehagar i nærleiken, som nyttar friområdet i dag. Turgruppa i LHL Meland nyttar òg området mykje, så dette vil bidra til alle målgrupper.  | Tiltak for tilrettelegging av enkelt friluftsliv, som er prioritert i ordninga. BOF set fokus på utvikling av friluftsområder for å vere attraktive også for barn og ungdom. Vi oppmodar om at midlane vert nytta med særleg tanke på tilrettelegging for ungdom. |
| Bergen og Omland Friluftsråd | Radøy     | Skape aktivitetsplass for born/ungdom på Manger            | 20000  | 10000  | 0      | Friområdet ligg sentralt plassert i tettstaden Manger med over 1000 innbyggjarar. Mål om å skape ein lågterskelaktivitetsplass for born/unge til å vere på fritida. Det finst både barnehagar og skular i nærleiken.  | Søknaden fell utanfor ordninga. Det vert ikkje løyvd tilskot til bord/ benkar og grill.   |
| Bergen og Omland Friluftsråd | Kvam      | Betre tilhøva for born/ungdom Norheimsund                  | 20000  | 10000  | 0      | Bidra til å styrkje lågterskeltilbodet for born og unge i Norheimsund, ved å tilby betre tilrettelegging i friområdet, slik at born/unge får eit betre tilbod i nærområdet, slik at friområdet vert ein meir attraktiv plass å vere for målgruppa. Det bur over 2000 innbyggjarar i Norheimsund.  | Søknaden fell utanfor ordninga. Det vert ikkje løyvd tilskot til bord/ benkar og grill.   |

|                                 |         |   |       |       |       |  |   |
|---------------------------------|---------|---|-------|-------|-------|--|---|
| Bergen og Omland<br>Friluftsråd | Lindås  | Tilby lågterskel tilbod for fysisk aktivitet for born og unge i Lindås                                      | 45000 | 23000 | 23000 | Litlevågen friluftsområde er ikkje tilrettelagt. Ynskjer å tilby den unge garde av lokalbefolkninga i Hjelmås/Eikanger ein attraktiv stad å utøve lågterskelaktivitet for alle, med, klatremoglegheiter og opphaldsplass i form av bord/benkar med grill. I nær framtid skal det byggjast ein barnehage like i nærleiken, så BOF ynskjer å vere i framkant av utviklinga. Dessutan er området rundt eit etableringsområde for bustadarar med mykje nybygging.  | Ordninga prioriterer tilrettelegging av enkelt friluftsliv for barn og ungdom. Tilskotet skal nyttast til klatreutstyr på området.  |
| Bergen og Omland<br>Friluftsråd | Bergen  | Tilrettelegging av det enkle friluftsliv på Lønborg, Brunestykket friluftsområdet                           | 20000 | 10000 | 0     | Enkel tilrettelegging med 2 bord/benkar, som vil betre kvaliteten på området for dei besøkjande, utan særlege kostnader. Tursti/vegen i området manglar tilrettelegging av møteplassar for folk. Kort veg til Lønborg vidaregåande skule. Tiltaket er ei enkel tilrettelegging, som gjev mykje tilbake for mange personar og målgrupper.   | Søknaden fell utanfor ordninga. Det vert ikkje løyvd tilskot til bord/ benkar og grill.   |
| Bergen og Omland<br>Friluftsråd | Osterøy | Betring av lågterskeltilbod vedr. fysisk aktivitet for barn og ungdom på Osterøy, samlesøknad               | 95000 | 48000 | 25000 | Lågterskel aktivitetstilbod for barn/unge på Osterøy. I adm.senteret Lonevåg er det rundt 1000 innbyggjarar og Husavatnet friluftsområde ligg like ved den vidaregåande skulen. Det er òg barnehage i nærleiken. BOF tilrettelegger i fleire større tiltak med bygging av toalett og opparbeiding av aktivitetsflate. Ekstra tilrettelegging ved omsøkte midlar og tiltak vil styrkje totalbiletet for friområdet, og bidra til å gje eit godt tilbod for born/unge i området.   | Delar av søknaden fell inn under prioriteringane i ordninga. Området har godkjent spelemiddelsøknad for kr 138 000 i 2016 til aktivitetsflate, og vert difor ikkje vurdert for den i denne ordninga. Det vert ikkje løyvd tilskot til bord og benkar og grillar. Tilskotet skal nyttast til klatreutstyr. |
| Bergen og Omland<br>Friluftsråd | Kvam    | Betre aktivitetstilbodet for barn og ungdom i Ljonesvågen friluftsområde (Kvam) vedr. det enkle friluftsliv | 45000 | 23000 | 23000 | Som ny medlemskommune har fleire av friområda behov for oppgradering og betring av tilbod. Ljonesvågen er eit nytt kommunalt område, som BOF held på å tilrettelegg med ulike tiltak, toalett, stiggar inn i området og ned til strendene. Området har behov for enkel aktivitetstilbod for barn/unge ved td. å tilby klatreutstyr (tau, nett, etc.). Dette vil auke andelen av born/unge i området og skape eit betre heilskapleg inntrykk. Ved å setje ut bord/benkar og grill skapar ein eit trivselsbilete, kvar det vert kjekt for barn og unge å opphalde seg og drive fysisk aktivitet. | Ordninga prioriterer tilrettelegging av enkelt friluftsliv for barn og ungdom. Tilskotet skal nyttast til klatreutstyr på området.  |

|                     |        |                                       |        |        |       |  |   |
|---------------------|--------|---------------------------------------|--------|--------|-------|--|---|
| Bergen Røde Kors    | Bergen | Svømmeopplæring for flyktninger       | 61200  | 61200  | 30000 | <p>Prosjektet er eit samarbeid mellom Bergen Røde Kors (BRK) og ADO-arena for å bidra til auka svømmeferdigheter og vanntilpasning for unge flyktningar i Bergen. Bergen Røde Kors har god kontakt med målgruppa gjennom eksisterande aktivitetar, men mange manglar eit tilbod på svømmeopplæring, særleg nye asylsøker. ADO har meldt at dei frå målgruppa er dei som oftast hamnar i nesten-ulukker i bassenget, og ser eit klart behov for å auke ferdigheitene. Samtidig har BRK fått fleire behovsmeldingar frå unge einslege asylsøkarar som har eit sterkt ønske om å kunne svømme. Å få eit fagleg kompetent tilvenningstilbud er eit etterlengta tilbod for delar av denne målgruppa. Det blir kurs 10 onsdagar på rad med opptil 12 deltakarar kvar gong.</p> | <p>Godt tiltak for å møte konkrete utfordringar særleg knytt til asylsøkarar. Integrerings tiltak er prioritert i ordninga. Ulukkesstatistikk viser at dei som kjem nye til Norge oftast er innblanda i ulukker knytt til vatn/drukning. Tilskotet kan ikkje overstige 50% av kostnaden.</p>                    |
| Bergen Røde Kors    | Bergen | Barnas Røde Kors Bergen – BARK Bergen | 543000 | 78000  | 78000 | <p>"Moro, mangfold, mestring" er slagordet til BARK. Kvar veke møtast barn til leik og utfolding i trygge og sosiale omgjevnader, uavhengig av forutsetningar, ferdigheter og økonomi. Det leggstilrette for påfyll av gode opplevingar i form av vennskap, læring, positiv merksemd frå vaksne og aktiv bruk av nærmiljøet. Eit gratis alternativ til fritidsaktivitet, som skal skape lokal magi der vi er.</p>  | <p>Tiltaket omfattar fleire av dei prioriterte områda i ordninga: integrering, lavterskel fysisk aktivitet og enkelt friluftsliv. Flott arbeid med lav terskel på mange ulike arenaer. Oppmodar til å koordinere med idrettskretsen.</p>  |
| Bergens Svømme Club | Bergen | Bergen Svømme Skole BSC               | 190000 | 100000 | 95000 | <p>Frå våren 2016 er svømmekurstilbodet på Stemmemyren utvida til å omfatte "Nyankomne flyktninger" og asylsøkarar. Svømmeopplæring blir etter Norges Svømmeforbunds kursmodell, men tilpassa ungdom. Inkludering gjennom eit lavterskeltilbud for alle ungdommar. Planlegger også begynnroplæring og deltaking i programmet "VilliVann", eit opplegg berekna for ungdom som gjerne vil svømme, men ikkje nødvendigvis konkurrere.</p>   | <p>Tiltaket gjeld integrering, som er prioritert i ordninga. Godt og viktig arbeid. Oppmodar til samarbeid med Røde kors og AdO arena. Tilskot kan ikkje overstige 50% av kostnad.</p>  |
| Bremnes Idrettslag  | Bømlo  | Gøydagen                              | 90000  | 30000  | 30000 | <p>Gøydagen 2016 er planlagt arrangert 04.05.16 i og rundt området ved Svortland Idrettspark på Bømlo. Alle 2. klasser (ca. 160 – 170 stk.) får tilbod om å delta. Det vil vere særskild fokus på at barna skal få prøve seg i litt meir «utradisjonelle» idrettar og øvingar. Fokus er retta mot idrettsglede og det å ha det gøy saman. Det vert servert oppskåret frukt. Aktivitetar er: karate, frisbee, badminton, dans, ballidrett, friidrett og natursti.</p>   | <p>Tiltaket er i skulen sin regi og er positivt for m.a. inkludering som er prioritert i ordninga. Oppmodar til å tenkje oppfølging av aktivitetane på sjølve dagen. Siste året dette tiltaket er berettiga tilskot. Vidare vil dette verte rekna som drift. Eit positivt arrangement med overføringsverdi.</p> |

|   |         |                            |        |        |       |   |   |
|---|---------|----------------------------|--------|--------|-------|---|---|
| Bruvik Idrettslag                                   | Osterøy | Aktivitetspark             | 185000 | 100000 | 50000 | <p>Idrettslaget har byrja laga ein del aktivitetar i ein granskog på Bruvik. Osterøy kommune er eigar av området. Her er klatrenett, slengdisse, sklie og tau til å klatre på mellom trea. No ønskjer idrettslaget å forlenge grusvegen bort til området, og setje opp utandørs trimapperater langs veggen. Det er også planlagt å setje opp eit grindabygg i same området. Dette vil gjer det meir attraktivt for alle, og videreutvikle det som er starta opp. Det vil samtidig bli ein sosial møteplass, og skape noko positivt i lokalsamfunnet. Grindabygget har stått til demonstrasjon på Osterøy. Dette må taes ned der det står i dag, og setjast opp att på Bruvik. Alt dette må gjerast på dugnad.</p> | <p>Delar av tiltaket fell inn under prioriterte område i ordninga, tilrettelegging av enkelt friluftsliv. Tilskot skal nyttast til utandørs treningsapparat. Oppmodar til å søkje splemidlar til turveg.</p>  |
| Bydelsbloggen med fleire                            | Stord   | Stord friluftsfestival     | 112000 | 30000  | 30000 | <p>Ønskjer å visa folk kor stort mangfaldet er når det gjeld idrettar og friluftsliv. Dette er viktig for folk flest, men ekstra viktig for dei 50 ungdommane som bur på mottaket like ved Grøntanlegget. Det er viktig å få dei integrerte snarast mogleg. I tillegg til å vera med på å laga friluftsfestival, har bloggen ei nettside der dei reklamerer for alle typar arrangement.</p>   | <p>Tiltak med fokus på integrering, lavterskel aktivitet og friluftsliv, som er prioritert i ordninga. Flott arrangement med mange gode samarbeidspartar. Positivt med ekstra fokus på busette på mottak.</p> |
| Bømlo Turlag  | Bømlo   | Friluftsliv for alle       | 150604 | 50000  | 40000 | <p>Friluftsliv for alle er eit lavterskel arrangement for små og store. Arrangementet er særleg tilrettelagt slik at rullestolbrukarar, barnevogner og personar med nedsett funksjonsevne kan koma seg fram til arrangementet. Pmråde rundt gapahuken har god plass for bålbrenning, grilling, kano paddling, leik og moro.</p>   | <p>Tiltak med lav terskel for inkludering, som er prioritert i ordninga. Godt tiltak for ei viktig målgruppe. Tiltaket har fått tilskot tidlegare.</p>  |
| Fjell kommune v/frisklivs- og meistringskoordinator | Fjell   | Familieretta livsstilskurs | 60000  | 30000  | 30000 | <p>Fjell kommune ønskjer å lage eit kurstilbod til barn og foreldre med utfordringar knytt til overvekt. Barnefysioterapeutane i Fjell kommune driv i dag eit gruppetilbod til born med overvekt eller rørsleutfordringar. Ein ser at tilbod berre til borna gir for dårlege resultat over tid og vil derfor utvide tilbodet med å tilby ei kursrekke til familiar slik at dei kan få inspirasjon til god og sunn kvardagsmat og verte introdusert for ulike idrettsaktivitetar som finst i kommunen.</p>   | <p>Viktig tiltak for ei målgruppe som treng særleg oppfølging. Oppmodar til å samsnake med Kvam herad som har tilsvarande prosjekt i gang.</p>  |

|                                  |                         |                                |        |        |        |   |   |
|----------------------------------|-------------------------|--------------------------------|--------|--------|--------|---|---|
| Fjell, Sund og Øygarden kommuner | Fjell, Sund og Øygarden | Sommer i Vest 2016             | 137000 | 30000  | 30000  | Sommeraktivitetar og campar for barn og ungdom, som vil gi ungdom i regionen mulighet til å oppleve kultur og friluftaktiviteter i nærområde. Fleire aktivitetar i samarbeid med Sotra og Øygarden Jeger og Fiskerforening, Dale Oen Exp og andre lokale organiasjonar: Camp Hitsøy, kajakkpadling, leirdue-skyting og andre friluftaktiviteter. Samarbeid med NAV, Barnevernet i kommunane, Politiet og andre lokale aktørar som jobbar for og med barn og ungdom.   | Tilrettelegging av enkelt friluftsliv for barn og ungdom er prioritert i ordninga. Spennande aktivitetstilbod for ungdom. Gode aktørar og bra samarbeid internt i kommunen om viktig målgruppe. |
| FK Fyllingsdalen                 | Bergen                  | FKF Søndagstrening             | 200000 | 100000 | 100000 | FKF Søndagstrening er eit tilbod i regi av FK Fyllingsdalen samansett av fotballøktar for barn og ungdom og basistrening for foreldregruppa. Tilbodet vil vere opne og gratis. Det vil også vere eit samarbeid med Norsk Folkehjelp sitt asylmottak på Landås slik at bebuarane der skal kunne bli med. Instruktørane vil vere junior- og seniorspelarar frå FK Fyllingsdalen. Parallelt med fotballøktene vil det vere basistrening for foreldregruppa. Dette vil ikkje ha direkte innverknad for barna men kan sjåast som eit tiltak som hindrar fråfall frå barna / ungdom.  | Tiltak for integrering som er prioritert i ordninga. Spennande nytt tiltak. God modell som kan ha stor overføringsverdi.  |
| Fløythaugen velforening          | Fjell                   | Lekeplass og uteområde         | 280000 | 100000 | 0      | Fløythaugen velforening ønskjer å søke om midler til oppussing av en lekeplass for barn og unge. Lekeplassen skal være et fysisk anlegg med klatrestativ, dissestativ, sklie og hindere på lekeområdet i Fløythaugen i Fjell kommune.   | Tiltaket fell utanfor satsingsområda til ordninga. Ingen overføringsverdi.  |
| Fusa svømmeklubb                 | Fusa                    | Vanntilvenningskurs/svømmekurs | 80000  | 20000  | 20000  | Vanntilvenningskurs og svømmekurs, deltakarane blir delt inn etter kva dei har behov for. Kursa har om formål at barn skal bli trygg i vatn og etterkvart lære å svømme. Har som mål at barna skal like å vere fysisk aktive, og bli glad i å vere i bassenget. Oppmodar også foreldre til å ta barna med i bassenget utanom kursa. Kurs kvar måndag frå september til april.   | Positiv tiltak for å senke terskelen for svømmeopplæring for barn. Tiltaket ønskjer å inkludere og senke terskel for deltaking som er prioritert i ordninga.                                    |
| Granvin turlag                   | Granvin                 | STØLSTRIM I GRANVIN            | 140000 | 70000  | 35000  | I år skal ein lage turskildringar og kart til den enkelte støl. I kvar turkasse har vi skrev lokal kulturhistorisk informasjon slik at alle kan lese dette når dei kjem til støls. Vi har også laga eit større oversiktskart med alle stølane på. Vi har laga klippekort som alle kan klippe i når dei kjem fram til støls. Turlaget samarbeider med kommunen, helselaget, skogeigarlaget, bondelaget mfl. i høve arrangement av skogrydding, servering av mat, helseinformasjon helselodd og kultur informasjon om tavler på stølane med kart og turbeskrivelse. Helselaget og turlaget arrangerer ein helsemarsj som åpning i år. | Delar av tiltaket vert prioritert. Tilsot vert løyvd til helsemarsjen som er ny i år og til utvikling av samarbeidet rundt den. Enkelt friluftsliv er prioritert i ordninga.                    |

|                        |        |   |       |        |        |   |   |
|------------------------|--------|---|-------|--------|--------|---|---|
| Hawak Kamay Bergen     | Bergen |   | 20000 | 20000  | 10000  | Hawak Kamay Bergen skal tilby eit arrangement med ulike idrettar som basketball, volleyball, bordtennis og sjakk, og informere om aktivitetstilbodet som finst. T.d. deltaking i sportsaktivitetar. Hovudmål er at folk med ulik kulturell bakgrunn skal auke forståinga for kvarandre og auke samhald og integrering. Målgruppa er barn, ungdom og voksne med fleirkulturell bakgrunn. Det er forventa 150 – 250 deltakarar. | Integreringstiltak er prioritert i ordninga. Godt tiltak som rekrutterar mange deltakarar frå fleire nasjonar til aktivitet over to dagar. Sjøast i samheng med arbeidet med Aktiv saman. Tilskot kan ikkje overtige 50% av kostnad.  |
| Hordaland Idrettskrets |        | Vidareføring av arbeid for å auke deltaking av fleirkulturelle i fysisk aktivitet |       | 100000 | 100000 | Hordaland Idrettskrets, Norges Fotballforbund avdeling Hordaland og Norges Håndballforbund skal i 2016 fortsette samarbeidet med fokus på inkludering. Samarbeidet omfattar m.a. tett oppfølging av fleire klubbar, og ikkje minst lag utover Bergen kommune som treng ekstra oppfølging. Til dømes idrettslag i Fjell-, Askøy og Stord kommune.  | Tiltaket er retta mot integrering, som er prioritert i ordninga. Integreringsarbeidet til idrettskretsen er verdsett nasjonalt og i stadig utvikling. Det vert gjort eit stort arbeid med å møte utfordringane i samfunnet med integrering i idretten. Idrettsfagleg samarbeid både fagleg og økonomisk mellom Hordaland Idrettskrets, Norges Fotballforbund avdeling Hordaland og Norges Håndballforbund |
| Hordaland Idrettskrets |        | Vidareføring av arbeid for å auke deltaking av fleirkulturelle i fysisk aktivitet |       | 50000  | 50000  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fargeriktturneringar</li> <li>• Tiltak retta mot mottak</li> <li>• Lavterskeltiltak</li> <li>• Samarbeid med skular – Feltarbeidar</li> <li>• Kompetansesenter innan inkluderingsarbeid i idretten:</li> <li>• Samarbeid med fylkeskommune, Bergen kommune og andre kommunar</li> <li>• Samarbeid med frivillige organisasjonar</li> </ul>   | Tiltaket er retta mot integrering, som er prioritert i ordninga. Integreringsarbeidet til idrettskretsen er verdsett nasjonalt og i stadig utvikling. Det vert gjort eit stort arbeid med å møte utfordringane i samfunnet med integrering i idretten. Idrettsfagleg samarbeid både fagleg og økonomisk mellom Hordaland Idrettskrets, Norges Fotballforbund avdeling Hordaland og Norges Håndballforbund |

|                   |        |                   |        |        |        |   |   |
|-------------------|--------|-------------------|--------|--------|--------|---|---|
| Idrett Bergen Sør | Bergen | MEGA              | 500000 | 100000 | 100000 | Barn og unge med diagnoser som AD/HD og autisme finn seg ofte ikkje tilrette i den ordinære idretten. IBS har lukkast med å skape eit tilbod for denne målgruppa der det er fokus på trygge rammer, individualitet i gruppe, meistring, forutsigbarhet og spenning gjennom fysiske aktiviteter. Behovet er stort, og det er ventelister for å få delta på gruppene. Det er ønskeleg på bakgrunn av dette å opprette fleire grupper, og spre denne modellen til andre bydelar slik at fleire kan finne sin plass i idretten.   | Tiltaket er retta mot integrering, som er prioritert i ordninga. Ein god samarbeidsmodell mellom fem ulike idrettslag om å tilrettelegge for særlege målgrupper. Stor overføringsverdi. |
| Idrett Bergen Sør | Bergen | Ungdom for Ungdom | 190000 | 90000  | 90000  | Idrett Bergen Sør, sett saman av idrettslaga Fana, Gneist, Bjærg, Smørås og Kalandseid, ønsker i samarbeid med Hordaland Idrettskrets (HIK) å gi engasjerte ungdommar muligheten til å gjere ein innsats for inaktive ungdommar, som bidreg til at fleire får oppleve glede ved å vere fysisk aktiv, og hindrar fråfall i idretten. Dette kan nåast ved å kurse ungdom i korleis å planlegge og gjennomføre eit arrangement for andre ungdommar. Ungdom veit best kva ungdom vil. Ein tidligare deltakarar i Ungdom for Ungdom blei i 2016 blant 1 av 5 kandidater til årets ildsjelpris og var sterkt involvert i ungdoms OL. Dette er eit godt døme på kor viktig det er å ta ungdom på alvor og gi dei muligheten til å engasjere seg. Dei er framtidens frivillige i Norge, og Ungdom for Ungdom kan vere starten på denne karrieren. | Tiltak retta mot inkludering og hindring av fråfall, som er prioritert i ordninga. Ungdomsmedverknad. Engasjert ungdom aktiviserar inaktiv ungdom. Stor overføringsverdi og meirverdi.  |
| IL Norna Salhus   | Bergen | Ungdomsprosjekt   | 136000 | 65000  | 0      | IL Norna-Salhus har opplevd at mange friidrettsungdommar forsvinner i 15-18 års alderen, fokuset blir dreia kraftig mot dei beste barn og ungdomane. Det er viktig å kunne gi alle eit godt tilbod, der dei skal ha det trygt. Samtidig skal dei ha det gøy med trening, og gjerne også konkurransar. Klubben har teke kontakt med tidligare aktive, som har gitt seg. Oppstarten var mars 2015, og gruppa starta med 3 ungdomar. I dag er det 17 aktive, og alle finn stor glede i å konkurrere, også på idrettsbana. Målsettinga er alltid å kjempe mot seg sjølv, presse grenser, og oppleve meistring.  | Godt tiltak mot fråfall, men det er ikkje lavterskel, og fell difor utanfor ordninga.   |



|                   |        |                           |        |        |       |  |   |
|-------------------|--------|---------------------------|--------|--------|-------|--|---|
| Jentefotballdagen | Os     | Jentefotballdagen 2016    | 63000  | 20000  | 0     | Jentefotballdagen er eit fellesinitiativ mellom alle 7 fotballklubbane i Os Kommune; Os Turn Fotball, Jadakameratene IL, Søre Neset IL, Nore Neset IL, Øyglimt IL, Lysekloster IL og Sjøfteland T&IL. Dette gjer vi for å skapa eit solid og attraktivt miljø for jentefotballen i Os. Bakgrunnen for initiativet er erfaringane som alle lag har, med stort fråfall av jentespelarar som i dag må delta i mix-serie saman med gutar dei første åra. Jentefotballdagen vart arrangert fyrste gang i 2013, og har ca 260 jenter kvart år. I forbindelse med eit stramare sponsormarknad, søkjer vi no støtte frå Hordaland Fylkeskommune. Jentefotballdagen vart i år kontakta av Norges Fotballforbund for å sjå om konseptet er noko som kan rullast ut i heile landet. NFF kjem til Os for å studera arrangementet laurdag 23.april. | Deltaking vert vurdert som ordinær rekruttering i eigene klubbar. Dette fell utanfor ordninga.  |
| Kalandseid IL     | Bergen | Kaland - ung og aktiv     | 120000 | 60000  | 0     | Eit prosjekt for ferdigstilling og vitalisering av nytt sandvolleyanlegg på Kalandseid.  | Tiltaket gjeld søknad til anlegg, som ikkje fell inn under denne ordninga. Oppmodar om å søkje om spelemidlar til anlegg. Ta kontakt med eigen kommune.   |
| KnarvikMila       | Lindås | UngdomsMila 2016          | 570000 | 100000 | 32000 | UngdomsMila er eit dagsarrangement i KnarvikMila-veka. Arrangementet omfattar fysisk aktivitet (løp på 2 km) og miljøkurs / trafikksikringskurs. i 2015 var det totalt 2000 ungdomsskuleelevar med på arrangementet. I 2016 vert arrangementet og arrangert for Vidaregåande skular. Polit, ambulanse, brannvesen, Trygg Trafikk og det lokale renovasjonsselskapet NGIR er medarrangør. Dette er KnarvikMila sitt mest verdibaserte arrangement. Viser forøvrig til vedlagte presentasjon.  | Delar av tiltaket fell inn under ordninga. Positivt samarbeid med viktige aktørar. Lite overføringsverdi. Ikkje lav terskel å delta i mosjonsløp. Løpet vert etterkvart rekna som rein drift. Tilskotet er retta mot utvikling av samarbeidsmodellen og at miljø og trafikktryggleik er kopla mot fysisk aktivitet. |
| Lindås kommune    | Lindås | Open hall, Lindås kommune | 150000 | 75000  | 0     | Lindås kommune held open hall i begge hallane i vinter/påske/haust ferie, samt 1-2 veker i kvar ende av sommarferien. Det aller meste av kostnaden er betaling til dei lokale laga vi samarbeidar med, som igjen brukar dette til å løna ungdomar som har tiltaket som sommarjobb/feriejobb. Fri leik under tilsyn.  | Tiltaket vert vurdert som ordinær drift, og fell ikkje inn under denne ordninga.  |

|                                       |           |  |         |        |       |  |   |
|---------------------------------------|-----------|--|---------|--------|-------|--|---|
| Naturvernforbundet<br>Hordaland       | Hordaland | Naturglede Hordaland                                 | 433500  | 75000  | 35000 | Ønskjer å stimulere til naturglede, engasjement og auka naturkunnskap gjennom fysisk aktivitet i Hordaland, gjennom minst 3 naturgledeaktivitetar for barnefamilier og folk i alle aldrar. Med naturguide, enkle traséar og ei god skildring av vegen, vil dette gjere det enklare for fleire å oppdage nye naturområder i nærområdet. I løpet av prosjektperioden vert det eit større familieopplegg der barn, unge og voksne kan ta del i friluftaktiviteter og lære om verdier i sin nærnatur gjennom å delta på eit sosialt og ope arrangement ei kort reise med sykkel, buss eller gange fra der dei bur. | Tiltak retta mot enkelt friluftsliv, som er prioritert i ordninga. Oppmodar til samarbeid med turlag, Røde kors, Hordaland jeger og fisk, friluftsråda og evt andre aktuelle aktørar. Totalkostnad vert vurdert urimeleg høg, og tilskotet er difor avkorta.  |
| Njardar/Tysnes IL                     | Tysnes    | Trivsel Tysnes med fokus på barn                     | 100000  | 40000  | 30000 | Njardar/Tysnes har i nokre år hatt trening i SFO-tida og fått fylkeskommunale tilskot for dette. Det har vore ein ubetinga suksess og vi har fått med mange unga frå 1. til 4. klasse. Det nye i år er å ha eit større fokus på integrering av barn fra ulike kulturar då Tysnes kommune har fått fleire nye innvandrarfamiliar.   | Tiltaket er retta mot integrering, som er prioritert i ordninga. Gode modellar med overføringsverdi. Tiltaket har fått tilskot tidlegare.   |
| Norges Håndballforbund<br>Region Vest | Hordaland | Ballglede for barn med nedsett funksjonsevne         | 50000   | 25000  | 25000 | Ønskjer å arrangere 4 aktivitetsdagar for barn med nedsett funksjonsevne, der målet er å rekruttere nye spelarar til etablerte lag, samt å etablere nye lagstilbod for barn.   | Tiltaket er retta mot inkludering, som er prioritert i ordninga. Godt tiltak mot viktig målgruppe.  |
| Norna-Salhus                          | Bergen    | Alle skal med  | 235000  | 180000 | 45000 | Ekstra fokus på barn og unge med innvandrerbakgrunn. Mange fell utanfor dei organiserte tilboda i bydelen. «Alle skal med» - er ein arena for inkludering, meistringsoppleving, forebygging av vold, rus og kriminalitet.  | Godt tiltak med fokus på integrering av barn og ungdom gjennom fysisk aktivitet, som er prioritert i ordninga. Oppmodar til å vere i dialog med idrettskretsen. Positivt med oppfølging. Tilskotet er avkorta i høve søknadssum (som kan vere maks kr 100.000) då det vert vurdert slik at store delar av prosjektet likevel kan gjennomførast. |
| Odda kommune                          | Odda      | Buldrepark i sentrum-<br>Dinosauraen og<br>Elefanten | 1070000 | 100000 | 0     | Odda kommune skal våren 2016 anlegge ny park i vår ny bydel, Smelteverket. Parken skal innby til aktivitet med eit særpreg og tilbod om buldreområde for barn.   | Tiltaket gjeld søknad om tilskot til anlegg, som ikkje fell inn under denne ordninga. Oppmodar til å søkje om spelemidlar til anlegg.   |

|   |           |                                |        |       |       |   |  |
|---|-----------|--------------------------------|--------|-------|-------|---|--|
| Os kommune                              | Os        | Postkasser til Merkeprosjektet | 74600  | 37300 | 0     | Gjensidigestiftelsen og fylkeskommunen har gitt økonomiske midlar til merking, gradering og informasjonstiltak knytt til turskiltprosjektet. I Os kommune har disse midlane kome veldig godt med, og mange løyper har blitt merka etter den nasjonale standarden. Søkjer om tilskot til turpostkassar.  | Tiltaket gjeld innkjøp av postkassar til turmål. Dette har liten overføringsverdi, og vert ikkje prioritert i ordninga.  |
| Radøy kommune/ radøy ungdomskule        | Radøy     | Gapahuk                        | 60000  | 40000 | 30000 | Elevar ved skulen skal lage ein gapahuk som skal kunne brukast av både ungdomsskule, barneskulen og barnehagen som ligg like ved. I tillegg vil gapahuken ligge i eit område som det planleggast å lage ein tursti i og sette opp ein tønnegrill. Bygget blir ført opp med universell utforming.  | Tiltak for tilrettelegging av enkelt friluftsliv for barn og ungdom, som er prioritert i ordninga. Brei medverknad og positivt at tiltaket i hovudsak er retta mot bruk for barn og ungdom. Knytt mot bruk av skule og barnehage, som også er prioritert i ordninga. Tilskot kan ikkje overstige 50% av kostnad. |
| Samnanger kommune                       | Samnanger | Utstyrsbank                    | 60000  | 25000 | 25000 | Samnanger kommune søker om kr 25 000 til å aktivisera barn og unge, med fokus på innvandrara. Samarbeid med Samnanger idrettslag, Samnanger turlag og Samnanger jeger- og fiskarlag. Samnanger kommune ønskjer å opprette ein utstyrsbank med idretts- og friluftslivsutstyr som skal gjera at terskelen vert lågare, samtidig som organisasjonane skal inkludera målgruppene inn i eksisterande aktivitet. Organisasjonane skal òg hjelpe me det praktiske som til dømes å kome seg til anlegget eller startpunktet for turen. | Tiltak for tilrettelegging av enkelt friluftsliv og med fokus på inkludering, som er prioritert i ordninga. Godt tiltak som kan vere heile kommunen til gode.  |
| Samnanger kommune på vegne av Samnanger | Samnanger | Samnanger Idrettsskule         | 194300 | 63800 | 0     | Oppstart av idrettsskule som legg til rette for allsidige aktivitetar og idrettar. Ønskje er å gje barna høve til å meistre ulike aktivitetar og idrettar, som kan gje eit grunnlag for varig lyst til å drive med dette vidare. I hovudsak vil det bli idrettar som det ikkje er tilbod om i Samnanger i dag, samt aktivitetar som ikkje er knytt mot ein spesiell idrett. Aktivitetane vil bli annakvar helg, enten laurdag eller søndag.   | Oppstart av idrettsskule og utstyr vert ikkje prioritert då det finnast gode ordningar for dette gjennom Norges idrettsforbund.  |
| Sandviken rugbyklubb                    | Bergen    | Midlar til juniorer            | 25000  | 25000 | 0     | Nytt lag som rekrutterte dei første juniorene for under eit år sidan. No er dei mange nok til å spele i turneringar, og søkjer tilskot til reiseutgifter, drakter og anna utstyr.   | Tilskot til reiser og utstyr til idrettslag vert ikkje prioritert. Viser til utstyrsordning gjennom Norges idrettsforbund.   |

|                                   |        |   |        |       |       |  |  |
|-----------------------------------|--------|---|--------|-------|-------|--|--|
| Somalisk Kvinneforening Hordaland |        | Internasjonal aktivitetsgruppe Møhlenpris | 106300 | 50300 | 40000 | Somalisk Kvinneforening Hordaland driv i dag ei rekke ulike integreringsaktivitetar for barn og unge. Dei ønsker å ta med barn og unge på ulike friluftaktiviteter, som turar på byfjella, hytteturar, skiturer og lavterskel aktiviteter som bowling, skøyter og svømming. Ope for alle.  | Tiltaket er retta mot integrering, som er prioritert i ordninga. Stor overføringsverdi i nærmiljøet. Noko avkorta, men vurderar at tiltaket likevel har gjennomføringskraft. |
| Sportsklubben Djerv               | Bergen | Aktivitetsgruppen                         | 60600  | 30000 | 30000 | Gjennom varierte idrettsaktivitetar og friluftsliv skal tiltaket bidra til inkludering av fleirkulturelle. Møhlenpris skole fekk innføringsklassar hausten 2015. Skulen har no om lag 200 elevar og 30 ulike språk. Tiltaket bygger på dei erfaringane klubben har gjort med Aktivitetsgruppen, der målet var å skape idrettsglede og vennskap i ei gruppe med lav meistringsterskel, og utvikle interesse for å delta i ein fritidsaktivitet. Aktivitetsgruppa har blitt eit kjent begrep, og nye elevar ved skulen ønskjer å delta. I det nye prosjektet skal fleire aktivitetar leggst til uteområder som Nygårdsparken og Løvstakken. Bruk av norsk språk er sentralt, både i inne- og uteaktivitetar. Fast instruktør og involvering av foreldre i aktivitetar ute og inne er nye tiltak som gir fleire deltakere og styrker inkluderingsgrunnlaget.  | Godt lokalt tiltak for aktivisering og integrering, som er prioritert i ordninga. God modell og stor overføringsverdi.   |
| Sportsklubben Djerv               | Bergen | Aktivitetsturer 2016                      | 70000  | 35000 | 35000 | Gjennom varierte friluftsturer til fjell og sjø skal tiltaket bidra til å fremme felles naturopplevingar og inkludering av fleirkulturelle. Tiltaket bygger på dei erfaringane klubben har gjort med tur- og friluftsgruppa i SK Djerv, der målet var og er å gi eit tilbod som fremmar felles opplevingar og fysisk aktivitet, og der barn og foreldre kan delta saman. Tilbodet er spesielt retta mot å inkludere fleirkulturelle via deltaking på turane. Turane stimulerar til samhandling og dialog, men samtidig til auka kunnskap om korleis ferdast i naturen på fjell og ved sjø. Eit av hovudmåla er å stimulere deltakarane til å oppsøke naturen på eigenhand. Tur- og friluftsgruppa gjennomførte fleire aktivitetsturar i 2015. Det nye prosjektet føl opp fjorårets satsing og planlegger fleire aktivitetsturar i våre nærrområder. Bruk av norsk språk er sentralt. Fast instruktør og involvering av foreldre i aktivitetene er også viktig. | Tiltaket er retta mot integrering, som er prioritert i ordninga. Godt tiltak med stor overføringsverdi.  |

|               |       |                                     |        |        |        |   |   |
|---------------|-------|-------------------------------------|--------|--------|--------|---|---|
| Stord kommune | Stord | Fleire med! Dugnad for inkludering. | 250000 | 100000 | 100000 | <p>Målet er at fleire barn og unge skal delta i idrett-/friluftslivsaktivitet. Tiltaket er å etablere nye aktivitetar og/eller tilrettelegge eksisterande tilbod i idrettslaga. Tiltaka vil bli bestemt på Folkehelseforum i april - workshop med deltakarar frå målgruppene, idrettslaga, kommunale tenester, kommunal leiing og private. Deltakarane vil velge tiltak basert på målgruppa sine ønskjer, og fordele ansvar for gjennomføring. Open hall og lågterskel sykkelgruppe er framlegg som vil bli drøfta. Det vil mest sannsynleg bli fleire tiltak som startar parallellt.</p> | <p>Tiltaket er retta mot integrering, som er prioritert i ordninga. Godt tiltak mot ressursvake brukarar . Positivt med eit folkehelseforum der prosjektet kan forankrast. God modell. Stor overføringsverdi.</p>                           |
| Sund turlag   | Sund  | Sund turlag                         | 52000  | 33000  | 26000  | <p>Barn/ungdom frå 13 år kan delta på brattkortkurs som leder til brattkort. Nytt kurs er etterspurt. Det er også mogleg å kunne arrangere brattkortkurs retta spesielt mot barn og ungdom der kursavgift er mykje lågare eller utan kursavgift. Det er ønskje om å kjøpa inn eige utstyr - 4 komplette sett med: sele, brems, karabinkroker, hjelm, tau og kalkpose, samt 10 par sko i assorterte storleikar, ekspress slynger, kroppssele for dei aller minste m.m. Utstyret er tenkt for utlån til medlemmer av gruppa og til kurs og arrangement som gruppa arrangerer.</p>           | <p>Tiltaket gjeld tilrettelegging av enkelt friluftsliv, som er prioritert i ordninga. Godt tiltak som imøtekjem klatring som veksande sport. Ivaretek ungdom som er ei viktig målgruppe. Tilskotet kan ikkje overstige 50% av kostnad.</p> |

|                                 |            |   |                |                |                |   |   |
|---------------------------------|------------|---|----------------|----------------|----------------|---|---|
| Ullensvang herad v/Opedal skule | Ullensvang | Fysisk aktivitet gjev trivsel og læring på skulen | 1300000        | 100000         | 100000         | <p>Opedal skule er ein barneskule tilhøyrande Lofthus med 100 elevar. Skulen er flinke til å stimulera til fysisk aktivitet i skulekvardagen med; morgontur, aktivitetsdagar, uteskule, trivselsleiarar mm. Dei har også tilrettelagd eit godt uteområde i nærmiljøet med gapahuk, bål plass og aktivitetsområde som er brukt både i undervisning og ved aktivitetsdagar. Etter skulesamanslåing i 2013 vart elevtalet ved Opedal skule auka frå 56 til 100 elevar. Dette har gitt utfordringar i skulekvardagen med utfolding i høve fysisk aktivitet - då skuleplassen ikkje er godt nok tilrettelagd for så mange elevar. Opedal skule, i saman med heradet, jobbar med gode tiltak for å utvide skuleplassen. I denne samanheng ynskjer skulen å søkja tilskot til å: Laga ein illustrasjonsplan over skuleplassen slik at området vert nytta og tilrettelagt på best mogeleg måte til leik og fysisk aktivitet. Prosjektet er forankra i "Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv Ullensvang herad, punkt 6.2.2 tredje avsnitt", samt skulen sine visjonar og mål (vedlegg). Illustrasjonsplanen vil liggja til grunn for vidare utvikling av skuleplassen og det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida med å få gjennomført aktuelle tiltak som planen skildrar.</p> | Tiltak retta mot aktivitet i skulen og tilrettelegging for eigenorganisert aktivitet i fritid, som er prioritert i ordninga. Spennande kommunalt prosjekt for barn og ungdom både i skuletid og fritid. Solid forankra og god medverknad. |
| Voss kommune                    | Voss       | Innovative rom                                    | 200000         | 50000          | 50000          | <p>Bergen arkitektskule (BAS) og Voss kommune har starta eit samarbeid for å skape gode rom og installasjonar som er tilpassa born med omsorgsbehov, i den nye bygget som skal husa avlastingstilbod og barnebustad. Uterommet vil vera tilgjengeleg for alle born og unge med behov for tilrettelagte tilbod. Det skal vera eit lågterskel uterom for born og unge som ellers opplev allmenne aktivitetsplassar til å ha høg terskel. Prosjektet søkjer om støtte til materiell, utstyr og andre direkte utgifter for å gjennomføra prosjektet.</p>  | Tiltaket gjeld inkludering, som er prioritert i ordninga. Spennande prosjekt som kan skape gode modellar og erfaringar frå nye samarbeidsmåtar.   |
| <b>Totalt</b>                   |            |   | <b>9606104</b> | <b>3052600</b> | <b>2000000</b> |   |   |